

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2017/4571-1

Saksbehandlar

Terje Natland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Behandling revidert Forslag til "Fiskefond - Kvinnherad kommune - Opstveit- og Midtbotnvatn"

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad formannskap legger forslag til «Forskrift for bruk av fiskefondet i Kvinnherad kommune- Opstveit- og Midtbotnvatn» ut på ettersyn. Frist for å kome med merknader er seks veker frå forskrifta vert lagd ut.

Saksutgreiing:

Formannskapet hadde sak om fiskefond i Kvinnherad oppe hausten 2017. Saka vart sendt tilbake til administrasjonen då det kom merknader og vart vist til at det er tre ulike fiskefond i kommunen med forskjellig bruksområder og ulike summer som vert betalt inn kvart år.

Det vert derfor laga ny sak på kvart av fiskefonda og lagt ut på ny høyring. Forslag vert og sendt over til Miljødirektoratet, tidlegare Direktoratet for Naturforvaltning, for godkjenning.

I konsesjon for Opstveitvatnet står det i punkt V:

«Konsesjonæren skal betale et årlig beløp på kr 10 000 til Kvinnherad kommune, som skal brukes etter kommunens nærmere bestemmelser til opphjelp av fisket i kommunen. Vedtekter for disponeringen av midlane skal godkjennes av Miljøverndepartementet eller den dette bemyndiger. Tilskuddet skal justeres etter de tidsintervaller som loven til enhver tid bestemmer.»

Framlegg til forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune - Opstveit- og Midtbotnvatn

§ 1

Midlane skal brukas til opphjelp av fisket i Kvinnherad kommune

§ 2

Midlane blir forvalta av Kvinnherad formannskap. Løyvingar skal ikkje kome i konflikt med lov om laksefisk og innlandsfisk eller lov om Naturmangfald.

§ 3

Kommunal fiskeforvaltning skal i forbindelse med dei årlege budsjettarbeider utarbeide forslag til bruk av midlane. Beløpet til fisk/vilt vert behandla av kommunestyret eller andre jamfør delegasjonsreglementet for Kvinnherad kommune.

Midlane som blir nytta til friluftsliv skal skje etter retningsliner frå DN.

Under dette arbeidet skal fiskeforvaltninga i nødvendig utstrekning ta kontakt med samarbeids-
partnerar innan fiskeforvaltninga i kommunen og Fylkesmannen si miljøvern-avdeling.
Det vert sett to fristar kvart år for å søkje fiskefondet om midlar, 1.mars og 1.oktober. Søknadane
skal deretter behandlast i formannskapet innan to månader. Midlane skal lysast ut.

§ 4

Midlar som ikkje vert brukt vert lagt til fondet og delt ut seinare.

§5

Det er ingen hovudstol i fondet, det kjem inn midlar kvart år der alt kan delast ut.

Når saka er ferdig behandla vert «Forskrift for bruk av Fiskefondet i Kvinnherad kommune
Opstveit- og Midtbotnvatn» sendt til Norsk Lovtidene for registrering.